

HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA



Kulturminne- og rivedokumentasjon

Hjortevegen 4 og 6
gnr. 40 / bnr. 530 m.fl. – Bergen kommune

Innhald

Innleiing	3
Områdets historie	4
Kulturminner	6
Bygningsmiljø	9
Bilder som viser bygningshistorisk utvikling i området	10
Kart over dagens bygningsmiljø	13
Bilder frå dagens bygningsmiljø	17
Bustadar i planområdet	19
Hjortevegen 4 (gnr. 40 / bnr. 533)	19
Hjortevegen 6 (gnr. 40 / bnr. 530)	32
Oppsummering og utgreiing av konsekvensar for eksisterande kulturmiljø	43
Miljø og bærekraft	44
Litteratur og kjelder	48

April 2018 / Januar 2021

PROSJEKT: Hjortevegen 4 og 6, gnr. 40 / bnr. 530 m.fl.

TILTAKSHAVAR: Kjell Inge Frotveit i samarbeid med LAB Eiendom AS

KONSULENT: Ard arealplan AS og Link Arkitektur AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Silje Een de Amoriza / Ingrid Myrstad, faghistorikarar

KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524


Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med detaljregulering for prosjekt i Hjortevegen 4 og 6, gnr. 40/bnr. 530 m.fl., i Bergen kommune. Kjell Inge Frotveit i samarbeid med LAB Eiendom AS er tiltakshavar. Ard arealplan AS i samarbeid med Link Arkitektur AS er konsulentar for planarbeidet.

Planområdet ligg i eit etablert bustadområde på Skjold, få minutters gange frå Skjold bybanestopp. Planområdet omfattar i hovudsak gnr. 40 bnr. 530 og 533 og har en storleik på ca. 7,4 daa. Planområdet er regulert til bustad i ein eldre reguleringsplan frå 1956, Fana. gnr. 40/bnr. 7, Skjold, planid 30350000. Delar av vegaarealet i planområdet er regulert i plan for Fana, gnr. 40/bnr. 411 mfl., Dyrhaugen, planid 63960000 og i plan for Fana gnr. 40/bnr. 189 mfl., Fanavegen 46–50, planid 62800000. Området er i kommuneplanens arealdel 2018 sett av til byfortettingssone (BY, sone 2). Delar av planområdet er i gjeldande KPA vist som hensynssone 570.

Utbyggar sin intensjon med planforslaget er å legge tilrette for tre leilighetsbygg på 3–4 etasjar rundt eit felles tun. Einebustadane med adresse Hjortevegen 4 og 6 skal etter planen rivast. Arkitektur+ vil vera førande for utforming av bygg.

Denne kulturminnerapporten dokumenterer historie og kulturminner i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Ingrid Myrstad frå Historikarverksemda 9. april 2018. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten. Denne rapporten blei først utarbeidd i april 2018 av faghistorikar Ingrid Myrstad. I januar 2021 blei det gjort ei oppdatering av rapporten av faghistorikar Silje Een de Amoriza.



Områdets historie

Planområdet tilhørte frå gammalt av utmarka til garden Skjold – ein av dei eldre gardane i området. Tuna på garden låg nord for Fanavegen, i bakkane på austsida av Nordåselva og på flatane nedanfor. I 1939 blei det funnen ein gravhaug frå eldre jernalder i innmarka som kan tyde på at garden blei tatt opp i løpet av dei første hundreåra av vår tidsrekning.


I mellomalderen låg Skjold under Nonneseter kloster i Bergen. I 1528 blei den gitt til Vincent Lunge av kongen og Lunge-ætta hadde garden fram til 1680. Garden skifta så hender ei rekke gonger før den blei seld til bønder i Fana i 1714. På 1500-talet ser det ut til at garden var delt i tre bruk. Fram til tidleg på 1800-talet auka dette talet til fem brukarar. Frå då av blei det rydda og utskilt fleire husmannsplassar i tillegg til at det gjekk for seg ei deling av dei største hovudbruka. I 1890-åra var det 10 bruk på Skjold.

Utmarka på garden var felles fram til utskiftinga i 1860-åra. Den delen av utmarka som planområdet tilhøyre blei då lagt under bruk 7, eit av dei tre eldste bruka på garden. Det var godt med skog i utmarka på Skjold. Brukarane var lenge sjølvberga med ved, og selde trekol og ved i Bergen.

Etter at Osbanen opna i 1895 med stasjon på Skjold, blei det attraktivt med bustadbygging på garden og fleire av brukarane tok til å selje parsellar til bustadhus. Det var mest tomter til villaar og einebustadar som blei skilt ut. Utparselleringa førte til ei jamn auke i folketalet på garden utover 1900-talet, men området behaldt sitt landlege preg fram til midten av hundreåret. Det var fyrst etter krigen at utbygginga for alvor tok til. Fram til då hadde utbygginga vore prega av enkelthus, men frå slutten av 1940-åra blei det laga større reguleringsplanar og område for område blei utbygd. Folketalet auka kraftig, og i 1960-åra var Skjold eit av dei største vekstområda i Fana. Samstundes med bustadutbygginga blei gardsdrifta på Skjold gradvis avvikla og alle bruka er i dag nedlagde.

Utsnitt av utskiftingskartet over Skjold frå 1859 som viser plasseringa av planområdet i utmarka til garden (omtrent midt i utsnittet, midt mellom der Kalvvandet» og «Igelvandet» er teikna inn, innanfor teigen som er merka med C). Kjelde: Digitalarkivet.no.





Utsnitt av plankartet til reguleringsplanen Fana, Skjold, Gnr. 40, bnr. 7 og 428 vedtatt i 1956. Hjortevegen 4 og 6 er markert med grøn sirkel.


Kulturminner

Råheimstova ligg eit stykke nordvest for planområdet. Stova er ei vedtaksfreda røykomnstove frå 1500-talet som blei flytta til Skjold i perioden 1951–1970 saman med ei rekke andre eldre hus. Det er elles ingen SEFRAK-registrerte bygningar i eller i nærleiken av planområdet.


Det er ingen synlege spor etter utmarksaktivitetane eller gardsdrifta som blei drive i området fram til midten av 1900-talet i eller i nærleiken av planområdet. Det er heller ikkje teikna inn nokon vegfar eller stiar i

området på utskiftingskartet frå 1859.

Av vegane som grensar til eller er med i planområdet blei Sætervegen, Dyrhaugen og Hjortevegen anlagt i 1940- og 1950-åra i samband med utbygginga av bustadfeltet på staden. Den vestlege delen av planområdet følger traseen til Osbanen i overgangen mellom Bjørnevegen og Skjoldstølen. Bjørnevegen og Skjoldstølen var opphavelag traseen til Osbanen som var i drift frå 1894 til 1935. Osbanen var ein smalspora bane, ein såkalla tertiærbane. Sjølve banemateriellet blei fjerna allereie i 1936, men traseen har blitt bevart som gang- og sykkelveg og er definert som eit viktig kulturminne.



Raud markering i kart viser planområdet, og lilla markering viser hensynssone for kulturmiljø, Osbanen.
Kjelde: Ard Arealplan / bergen.maps. arcgis.com





Markering oppe i venstre hjørne viser den vedtaksfreda røykstova Råheimstova med id 87180-1. Grøn sirkel markerer Hjortevegen 4 og 6 i planområdet. Kjelde: Askeladden.no.

Bygningsmiljø

Planområdet ligg midt i eit bustadfelt bygd ut i 1950- og 1960-åra. I dette bustadfeltet blei det hovudsakleg bygd einebustadar, i tillegg til nokre rekkehus frå denne tida (for det meste variasjonar av dei funksjonalistiske typehusa som dominerte den norske bustadarkitekturen i samtida). I 1980- kom ei ny utbyggingsbølge med einebustadar i området. I tillegg finst her også enkelte einestadar frå 1990- og 2000-åra.

Området er i stor grad dominert av einebustadar, men med nokre få innslag av bygg med større volum. Like sør/sørvest for planområdet finn ein i Sætervegen 12B eit bustadhus med fleire bueiningar bygd i 1956 (nr. 3 på kart på s. 13). I Sætervegen 12 finn ein eit større frittliggande bustadbygg frå 2006 (nr. 8 på kart på s. 13). Forutan bustadhus grensar planområdet vest til eit næringsbygg som i dag husar daglegvarebutikk og frisør.


Karakteristiske trekk for utbygginga i Skjold-området i 1950- og 1960-åra var terrengtilpassa småhusbusetnad omkransa av grøne hagar. Låg busetnad med saltak med innslag av saltaksarker og malt trekledning prega arkitekturen. Desse trekka definerer framleis Skjold-området i dag og gir det særpreg. Samstundes er no det historiske særpreget under press frå nye utbyggingsprosjekt.

Innanfor planområdet står det tre einebustadar med tilhøyrande garasjar, uthus og hageanlegg. Hjortevegen 4 og 6 blei bygd omtrent samstundes og blei teikna av same arkitekt i 1956/1957 – distriktsarkitekt for Bergen og Hordaland, Brand Byrkjeland. Ordninga med statleg tilsette distriktsarkitektar blei oppretta i samband med gjenreisinga etter andre verdskrigen. Etter at gjenreisingsarbeidet var avslutta, fekk distriktsarkitektane oppgåver i samband med Husbanken si verksemd.

Brand Byrkjeland teikna Hjortevegen 4 og 6 i samband med ein større reguleringsplan langs Hjortevegen som han fremma forslag om og som blei vedtatt i 1956. Dei to husa er teikna inn med dagens plassering på plankartet (på dei to tomtene 530 og 533 som blei skilt ut same året), medan stripa som i dag utgjer bnr. 1020 og 1818 blei regulert til fellesareal og leikeplass for småbarn. Sjø utsnitt av plankart frå 1956, på s. 5. Dette blei seinare oppheva og i 1971 blei det reist eit bustadhus på tomte – Hjortevegen 6A.

Byantikvaren vurderer at strøket planområdet er ein del av, utgjer eit bygningsmiljø med arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi.

Bilder som viser bygningshistorisk utvikling i området



Ortefoto av planområdet avfotografert i 1951, henta frå norgeibilder.no [lesedato 16.04.2018].




Ortefoto av planområdet avfotografert i 1970, henta frå norgeibilder.no [lesedato 16.04.2018].



Ortefoto av planområdet avfotografert i 1980, henta frå norgeibilder.no [lesedato 16.04.2018].



Ortefoto av planområdet avfotografert i 2005, henta frå norgeibilder.no [lesedato 16.04.2018].



Ortefoto av planområdet avfotografert i 2016, henta frå norgeibilder.no [lesedato 16.04.2018].




Flyfoto tatt i 1963, før Hjortevegen 6A blei bygd. Utsnitt under viser Hjortevegen 4 til venstre og Hjortevegen 6 til høgre. Skapt av Widerøes Flyveselskap AS. Henta frå UBB Billedsamlingen <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-108280.html> [lesedato 16.04.2018].



Utsnitt av bildet over – Hjortevegen 4 til venstre og hjortevegen 6 til høgre.


Kart over dagens bygningsmiljø



Nummerert kart over dagens bygningsmiljø. Kvart nummer gir oversikt over adresse med bustadtype og byggeår. Raud markering viser planområdet, rosa markering viser henssynssone for Osbanen. Lilla markering med «K» på nr 23 indikerer kulturminnet Råheimstova. Bakgrunnskart: Ard Arealplan / bergen.maps. arcgis.com

- 1) Hjortevegen 4, einebustad bygd i 1958
- 2) Hjortevegen 6, einebustad bygd i 1957
- 3) Sætervegen 12B, bustadhus med fleire bueiningar, bygd i 1956
- 4) Hjortevegen 13A og B, vertikaldelt tomannsbustad bygd i 2013
- 5) Sætervegen 12D, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1954
- 6) Sætervegen 12C, einebustad bygd i 1957
- 7) Hjortevegen 3, einebustad bygd i 1970 (ny detaljregulering vedtatt, her kjem nybygg med 11 leiligheter)

- 8) Sætervegen 12, stort, frittliggende bustadbygg frå 2006
- 9) Sætervegen 14, einebustad bygd i 1995
- 10) Sætervegen 11, einebustad bygd i 1940
- 11) Bjørnevegen 13, einebustad med sokkelleilegheit, bygd i 1976
- 12) Bjørnevegen 15A, einebustad bygd i 1983
- 13) Sætervegen 9A, einebustad bygd i 1958
- 14) Sætervegen 9, einebustad bygd i 1956
- 15) Sætervegen 5A, einebustad bygd i 1959
- 16) Sætervegen 7, bygning godkjent for riving 2020
- 17) Sætervegen 10E, einebustad bygd i 1980
- 18) Sætervegen 10D, einebustad bygd i 1980
- 19) Sætervegen 10C, einebustad bygd i 1980
- 20) Sætervegen 10, einebustad bygd i 1980
- 21) Sætervegen 8, einebustad bygd i 1962
- 22) Skjoldstølen 6, vertikaldelt tomannsbustad frå 1959
- 23) Sætervegen 6, vertikaldelt tomannsbustad bygd i 1956 / Råheimstova, røykstove frå 1500-talet, vedtaksfreda (kulturminne er omtrentleg markert)
- 24) Sætervegen 6B, einebustad bygd i 1956
- 25) Kjøpesenter/varehus, bygd i 1970-åra
- 26) Skjoldstølen 7, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1953
- 27) Skjoldstølen 9D, einebustad bygd i 1989
- 28) Skjoldstølen 9C, einebustad bygd i 1949
- 29) Skjoldstølen 9B, einebustad bygd i 2019
- 30) Skjoldstølen 9A, einebustad bygd i 1951
- 31) Dyrhaugen 2A, einebustad bygd i 1989
- 32) Dyrhaugen 2B, einebustad bygd i 1952
- 33) Dyrhaugen 2C, vertikaldelt tomannsbustad bygd i 1955
- 34) Dyrhaugen 4, einebustad bygd i 1951
- 35) Dyrhaugen 11, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1954
- 36) Dyrhaugen 13, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1952
- 37) Dyrhaugen 9, einebustad bygd i 1974
- 38) Dyrhaugen 17A og B, rekkehus bygd i 1960
- 39) Dyrhaugen 19, einebustad bygd i 1962
- 40) Dyrhaugen 7, einebustad bygd i 1969
- 41) Dyrhaugen 5, einebustad bygd i 1964
- 42) Dyrhaugen 3, einebustad bygd i 1962
- 43) Dyrhaugen 1, einebustad bygd i 1960
- 44) Hjortevegen 6A, einebustad bygd i 1971
- 45) Hjortevegen 10 og 10A, vertikaldelt tomannsbustad bygd i 1959
- 46) Hjortevegen 8, einebustad bygd i 1957
- 47) Hjortevegen 12, einebustad bygd i 1958
- 48) Hjortevegen 14, einebustad bygd i 1959
- 49) Hjortevegen 16A og B, rekkehus bygd i 1958



Bygningssmiljø vist i eit endå større perspektiv. Kart henta frå Link arkitektur si stadsanalyse. Planområdet er merkt med svart stipla linje i midten av bildet.

Bilder frå dagens bygningsmiljø



Planområdet sett frå vest mot aust. Hjortevegen 4 og 6 ligg på haugen bak vegetasjonen til venstre i bildet. Hjortevegen rett fram.



Den vestre delen av planområdet sett frå vegen Skjoldstølen. Sætervegen 12 midt i bildet.



Skjoldstølen vest i planområdet.



Dyrhaugen. Hjortvegen 4 heilt til høgre i bildet.



Åtkomstveg til Hjortevegen 6a og 6. Sætervegen 12b til høgre i bildet.



Bjørnevegen møter Sætervegen vest i planområdet.

Bustadar i planområdet

Hjortevegen 4 (gnr. 40 / bnr. 533)

Hjortevegen 4 er eit frittståande, toetasjes trehus på mur med halv kjellar og kryploft. Tomta som huset står på blei skilt ut i 1956 og fekk bruksnummer 533, huset sto ferdig året etter.

Hjortevegen 4 blei teikna av arkitekt Brand Byrkjeland og var ein variasjon av dei funksjonalistiske typehusa som prega småhusbusetnaden i samtida. Opphaverleg hadde huset berre ein hovudetasje som var bygd over to nivå. Den rektangulære hovudbyggningskroppen med saltak med låg takvinkel var bygd over ein halv kjellar og hadde eit lågare tilbygg i kontakt med det skrånande terrenget i forlenginga av saltaket mot nord. Hovudplanet i huset besto av ei vinkelstove, kjøkken, bad og ein entre med trapp ned til tilbygget der det var tre soverom og vindfang. Kjellaren besto av tre buer med eigen inngang frå aust. Huset hadde altan mot vest og overbygd terrasse mot sør. Det blei kledt med liggande supanel, tekka med teglstein og hadde tidstypiske eitfags funkisvindauge. Sjå originale arkitektteikningar på neste side.

Ei større ombygging i 2004 endra huset sin opphavelige karakter. Det blei bygd eit større arktilbygg mot nord i to etasjar og eit tilbygg som forlenga huset mot aust. Innvendig blei kjellaren utvida med garasje og to buer, og hovudetasjen med nytt kjøkkenrom, eit fjerde soverom og hall. Andre etasje blei bygd med soverom, bad og stove med innebygd altan. Fasaden mot nord og aust fekk heilt nytt uttrykk med ombygginga, medan det opphavelige uttrykket i større grad blei bevart mot sør og vest. Terrassen på sørsida av huset blei forlenga rundt hjørnet mot vest og taket over balkongen mot vest blei forlenga ut over balkongen. Tilbygget mot nord blei utforma med saltak med

låg takvinkel og kledt med liggande panel som resten av huset.

Det er få originale overflater og detaljar igjen innvendig i huset. Golva er belagt med parkett, belegg og fliser og veggane er malt, tapetsert eller panelt i seinare tid. Romstrukturen i hovudetasjen i den originale delen av huset er i stor grad beholdt, med unntak av dei tidlegare veggane mellom stova og kjøkkenet og entreen og vindfanget er fjerna. Sjå side 18 for skisser over innvendig planløysing – dagens situasjon.



I tillegg til bustadhuset står det i dag ein garasje på eigedommen, aust for huset. I 1961 blei det sett opp ein garasje i stål av typen «Fana garasje» frå Fana Jernindustri på same stad. Garasjen som står der i dag er bygd i tre, med vindaug mot vest og tekka med tegl.

Hageanlegget tilhøyrande Hjortevegen 4 husar ei rekke uthus – eit drivhus, tre hønsehus, ei leikehytte og ein innhegning – som er sett opp dei siste tiåra. I tillegg er hagen prega av fleire natursteinsmurar og trapper, blant anna ein steingard som følger eigedomsgrensa mot nord. Denne blei sett opp samstundes med huset i slutten av 1950-åra.

Sjå fotodokumentasjon frå synfaring på sider 21–30.






Utsnitt av originalteikningane til Hjortevegen 4
frå 1956 som viser fasadane mot aust, vest, sør
og nord.



11 JUN 04 * 00409051

D5

Kontor/Saksbe-
Etat for byggesak og private planer



Etasjeplan av første etasje, loft og kjellar Hjortevegen 4 som viser dagens situasjon.



Hjortevegen 4, fasade mot aust.



Hjortevegen 4, fasade mot nord.



Hjortevegen 4, fasade mot sør.



*Hjortevegen 4, alle tre bilder viser
fasade mot vest.*





Hjortevegen 4, hall.



Hjortevegen 4, hall.




Hjortevegen 4, trapp frå kjellar til hovudetasje.



Hjortevegen 4, soverom i første etasje.



Hjortevegen 4, soverom i første etasje.



Hjortevegen 4, soverom i første etasje.



Hjortevegen 4, stovet.



Hjortevegen 4, stovet og kjøkkenet.



Hjortevegen 4, kjøkkenet.



Hjortevegen 4, loft



Hjortevegen 4, kjellarrom.



Hjortevegen 4, kjellarrom.



Garasje, Hjortevegen 4. Hjortevegen 6 til høyre i bildet.



Garasje, Hjortevegen 4. Garasjen til Hjortevegen 6 til høyre i bildet.



Drivhus og innhegning, Hjortevegen 4.



Innhegning og trapp, Hjortevegen 4.



Drivhus, leikelytte og steingard, Hjortevegen 4.



Leikelytte, Hjortevegen 4.



Leikehytte, Hjortevegen 4.



Trapp ned til hønsehus, Hjortevegen 4.



Hønsehus, Hjortevegen 4.



Hønseshus, Hjortevegen 4.

Hjortevegen 6 (gnr. 40 / bnr. 530)

Bruksnummer 530 blei skilt ut i 1956 og året etter sto bustadhuset Hjortevegen 6 ferdig. Huset var teikna av distriktsarkitekt Brand Byrkjeland og var basert på den lange, smale og nøkterne hustypen som blei malen for mange av typehusa i samtida. Hjortevegen 6 er eit einetasjes trehus i lett bindingsverk på sokkel av mur med halv kjellar og saltak med lav takvinkel og kofertloft.

Hovudetasjen romma opphaveleg fire soverom med innebygde skap og garderobar, stove, kjøkken, bad, vaskerom, rullebod, arbeidsrom, klekott, vindfang og entre. Huset blei utstyrt med eitfags funkisvindaug, tekka med tegl og kledd med liggande panel (i kontrast til tilbygget mot nord som opphaveleg var kledd med ståande panel). Det blei gjort nokre tilpassingar då huset blei bygd som ikkje kjem fram på originalteikningane: Mot aust blei det bygd balkong utanfor eit av soveromma, mot vest blei det sett inn ei dør i staden for vindaug i kjøkkenet og toalettet blei bygd inn i baderommet.





I 1971 blei Hjortevegen 6 utvida mot sør der huset fekk eit tilbygg i forlenging av hovudbyggningskroppen. Tilbygget auka arealet i hovudetasjen – stova blei utvida og fekk ny eldstad og det synste soverommet blei gjort om til ei daglegstove med overbygd altan og trapp ned til hagen mot sør. I perioden 1980–2005 blei det bygd ein inngerda terrasse på vestsida av huset. Denne blei utvida sørover i perioden 2005–2008.



Innvendig er det få originale flatar igjen i Hjortevegen 6 – både golv, veggjar og tak i alle rom har blitt belagt, malt, tapetsert og flislagt sidan huset var nytt. Kjøkkeninnreiinga blei skifta ut i 1980-åra, og på eit tidspunkt blei klekottet innanfor vindfanget bygd om til eit toalett. Forutan den synste delen med tilbygget som kom til i 1971 har både hovudetasjen og kjellaren beholdt den

originale romstrukturen, og også ein del detaljar (som plassbygd oppbevaring i soveromma, på kjøkkenet og i gangen og koksbingen og hyllene i matboden i kjellaren). Forutan bustadhuset rommar eigedommen også hageanlegg, åtkomstveg og ein garasje i tre som blei sett opp i 1962.

Sjå fotodokumentasjon frå syfaring på sider 32–41.

Utsnitt av originalteikningane til
Hjortevegen 6 frå 1956 som viser
fasadane mot vest, aust, nord og sør.





Etasjeplan av første etasje og kjellar Hjørtevegen 6 som viser dagens situasjon.



Hjortevegen 6, fasade mot aust.



Hjortevegen 6, fasade mot nord.



Hjortevegen 6, fasade mot sør.



Hjortevegen 6, fasade mot vest.



Hjortevegen 6, fasade mot vest.



Hjortevegen 6, detalj fasade mot aust.



Hjortevegen 6, stov.




Hjortevegen 6, stov.




Hjortevegen 6, TV-stov.




Hjortevegen 6, soverom.



Hjortevegen 6, soverom.



Hjortevegen 6, detalj soverom.



Hjortevegen 6, soverom.




Hjortevegen 6, kjøkken.



Hjortevegen 6, kjøkken.



Hjortevegen 6, vaskerom.



Hjortevegen 6, arbeidsrom.



Hjortevegen 6, kjellar.



Hjortevegen 6, matbu kjellar.



Hjortevegen 6, koksbinge kjellar.



Hjortevegen 6, blindkjellar.



Hjortevegen 6, garasje.



Garasje tilhøyrande Hjortevegen 6 til høgre. Garasje tilhøyrande Hjortevegen 4 til venstre.



Hjortevegen 6, tilkomstveg med mur og trapp.

Oppsummering og utgrei- ing av konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

I planområdet skal det leggjast tilrette for etablering av tre leilegheitsbygg på 3–4 etasjar rundt eit felles tun. For å kunne gjennomføre dette skal alle nyare tids kulturminner tilhøyrande Hjortevegen 4 (gnr. 40/bnr. 533) og Hjortevegen 6 (gnr. 40/bnr. 530) rivast. Dette inkluderer begge bustadhusa med tilhøyrande garasjar, uthus og terrasse- og hageanlegg. Dei planlagde tiltaka vil såleis føre til ei total endring av det eksisterande kultur- og bygningsmiljøet i planområdet. Tiltaket vil også påvirke det større omkringliggande kultur- og bygningsmiljøet rundt, som fram til dei seinare åra har vore prega av tidstypiske einebustadar/tomannsbustadar/rekkehus frå 1950- og 1960-åra og frå 1980-åra.

Planlagd fortettingsgrad, høgder og volum på det nye prosjektet i planforslaget vil bryte med den historiske strøkskarakteren i området som i dag framleis er dominert av einebustadar/tomannsbustadar/rekkehus på inntil to etasjar forutan kjellar og loft og garasjar eller uthus i ein etasje. Tiltaka vil også føre til mindre opparbeida hagemark og naturareal – i kontrast til busetnadsstrukturen i området generelt som er prega av open, villamessig busetnad med store hageanlegg. Ein overgang frå einebustadar til «tunbusetnad» er også å rekne som eit framandelement i dette kulturmiljøet – i eit byggefelt etablert i 1950- og 1960-åra. Særskilt sidan det i dag ikkje finst noko form for synlege spor etter tidlegare jordbruksaktivitet i området. Delar av gardsbusetnaden frå Skjold sine gardar finst framleis, men er ikkje representativt for kulturmiljøet i og rundt planområdet.


Trass i at låge einebustadar/tomannsbustadar/rekkehus dominerer det større området, kan ein påpeike at bygningar med eit visst volum, er ikkje eit heilt nytt element. Som skildra på s. 9 ligg det like i nærleiken av planområdet fleire slike bygg – eit større hus med fleire bueiningar

frå 1956 og eit større bustadkompleks frå 2006 som representerte eit betydeleg brot med strøkskarakter då dette kom. Det er særskilt dette bygget som skil seg ut når det gjeld introduksjon av høgdevolum i området. Næringsbygga frå 1970-åra like vest for planområdet ligg imidlertid relativt lågt i terrenget.

I uttalelse frå Byantikvaren datert 20. juni 2020, står det at «Fortettingen i Skjoldområdet har så langt i hovedsak kommet som mindre leilighetsbygg spredt rundt om i småhusbebyggelsen. Dette gir etter vår vurdering lite helhet og et nokså tilfeldig preg på området.» Ser ein på kartet på neste side vil ein imidlertid sjå at etableringa av nybygg med større volum i planområdet faktisk vil bety ein konsentrasjon av denne typen bygg akkurat her. Eksisterande bygg med større volum ligg like sør og vest for planområdet. I tillegg er det fleire detaljreguleringsplanar som allereie er vedtatt eller som er under arbeid, som vil forsterke denne karakteren akkurat her.



Frå einebustadar til tunbusetnad. Kart henta frå Link arkitektur sin stadsanalyse.



Kart henta frå Link arkitektur sin stadsanalyse. Samanliknar ein dette kartet med kart og informasjon og dagens bygningsmiljø på s. 13, ser ein det som i framtida vil bli ein konsentrasjon av bygg med større volum sør og vest for planområdet + nybygga i planområdet. Dette vil gje ein ny karakter til området. Området markert med stipla linje og nr. 6 viser plan under arbeid, der det er tenkt at det skal kome ei større bygg med 15 leilegheiter.

Tiltakshavar har i forhold til tidlegare utkast tatt fleire grep for å tilpasse prosjektet til eksisterande strøkskarakter. Det er mellom anna blitt arbeidd vidare med volum og terrengtilpassning. Kolleformasjon er eit typisk landskapstrekk på Skjold, og tiltakshavar ønsker å bevare kollen i planområdet i så stor grad som mogleg. Tiltakshavar ønsker å integrere ny busetnad i eksisterande landskap så godt det lar seg gjere, med bustader og byggehøger tilpassa landskapet. Byggehøgden på ny busetnad blir i hovudsak planlagt i same høgd som eksisterande busetnad. Eksisterande grønt hjørne vest i planområdet skal oppretthaldast.

Nybygga skal ha varierende saltak med mindre takoppløft og takterrasser. Tiltakshavar ønsker å skape bustader med moderne fasadeuttrykk, material av høg kvalitet og med tilhøyrighet/referansar til omkringliggende busetnad.


Konsekvensane utbetringa av vegløpet vest i planområdet vil ha på kulturminnet Osbanetraseen er noko usikkert, men det er ikkje skildra nokon tiltak i planforslaget som tyder på at traseens nivå eller kurveatur kan bli skadelidande.

Miljø og bærekraft


Tiltakshavar har som overordna strategi å kutte klimagassutslepp med 50 % og Breem-sertifisere prosjekta sine. Tiltakshavar undersøker vidare moglegheit for gjenbruk frå busetnad som skal rivast i prosjekteringsfasen. På noverande tidspunkt er det aktuelt å gjenbruke for eksempel eksisterende frukttrær og bærbusker som del av det nye prosjektet. Materiale frå eksisterande busetnad kan også leverast vidare til gjenbruk/ombruk.



Tiltakshavar ønsker å behalde det eksisterande uttrykket med det grønne hjørnet. Kjelde: Link arkitektur.




Illustrasjon viser typisk terrengsnitt. Her ser ein både eksisterande bustad og eksisterande kolle teikna inn.
Kjelde: Link arkitektur.



Illustrasjon som viser gjennomsnittleg byggehøg. Kjelde: Link arkitektur.



Perspektiv av dei planlagde bygningane i planområdet, sett frå aust. Kjelde: Link arkitektur.



Inntrykk av bygningsvolum og terreng, planlagte bygg i planområdet. Perspektiv frå nord. Kjelde: Link arkitektur.

Litteratur og kjelder

Byantikvaren i Bergen. 2007. Kulturminnegrnlag Bybane Nesttun–Rådal.

Johansen, Karl Egil. 1993. Fanabu og bymann, 1870–1972. Bind 3 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Larsen, Jacob T. 2002. Gards- og ættesoge. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen. Byggesaksarkivet, Bergen kommune.

Nord- og Midhordaland jordskifterettskartarkiv.

bergenskart.no

digitalarkivet.no

kulturminnesøk.no

marcus.uib.no

miljøstatus.no/kart

askeladden.no

norgeibilder.no

seeiendom.no

«distriktsarkitekt», nkl.snl.no: <https://snl.no/distriktsarkitekt> [lesedato 16.04.2017]

«Hjortevegen», bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon: <http://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1421471> [lesedato 16.04.2018]

«Dyrhaugen», bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon: <http://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1420793> [lesedato 16.04.2018]

«Bjørnevegen», bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon: <http://www.bergenbyarkiv.no/>

bergenbyleksikon/arkiv/1420488 [lesedato 16.04.2018]

«Skjoldstølen», bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon: <http://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1423147> [lesedato 16.04.2018]

«Nesttun-Osbanen», no.wikipedia.org : <https://no.wikipedia.org/wiki/Nesttun-Osbanen> [lesedato 16.04.2018]

Stedsanalyse, Link arkitektur datert 2.10.2019

Presentasjon Hjortevegen 4–6, Link arkitektur datert 2.10.2019